



Arkivnr: 2017/16602-12
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

Saksframlegg

Saksgang		Møtedato
Fylkesutvalet		07.12.17
Fylkestinget		12.12.17

Sal av aksjar i bompengeselskap i Hordaland

Samandrag

Sal av aksjar i dei 10 bompengeselskap Hordaland fylkeskommune eig, aleine eller saman med andre, til Sørvest bomvegselskap AS, er ei oppfølging av Meld. St. 25 (2014 -2015) «På rett veg – reform i vegsektoren». Tilbodet frå Sørvest bomvegselskap AS gjeld alle 10 selskap og transaksjonen er planlagt 2. januar 2018.

Fylkesrådmannen rår til at aksjane seljast. Av omsyn til sakshandsaminga seljast selskapa i to bolkar. Bergen bompengeselskap AS seljast så snart som rå sidan fylkeskommunen eig 100% av aksjane i selskapet. I selskap kor det er fleire eigarar treng fylkeskommunen noko meir tid på sakshandsaminga, salet av desse selskapa vert gjennomført så snart sakshandsaminga er slutført.

Økonomi: Bompengeselskapa har lånegarantiar frå Hordaland fylkeskommune. Sal av aksjar vil ikkje påverke fylkeskommunen sin økonomi på anna måte enn i balanseførte egedelar.

Klima: Sal av aksjar har ingen kjent påverknad på klima

Folkehelse: Sal av aksjar har ingen påverknad

Regional planstrategi: Sal av aksjar har ingen påverknad.

Forslag til innstilling

1. Tilbod frå Sørvest bomvegselskap AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Bergen Bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen fortsette arbeidet med å selje aksjepostane fylkeskommunen eig i bompengeselskap i Hordaland, til Sørvest bomvegselskap AS.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Sørvest Bomvegselskap as - Hordaland fylkeskommune revidert tilbud
- 2 Sørvest Bomvegselskap AS - Hordaland fylkeskommune

Fylkesrådmannen, 30.11.2017**Bakgrunn**

Hordaland fylkeskommune etablerte, saman med Sogn og Fjordane, Rogaland, Aust og Vest Agder, Sørvest bomvegselskap AS som ein konsekvens av Meld St. 25 (2014-2015) «På rett vei – reformer i vegsektoren». Meldt St 25 (2014-2015) omhandlar mellom anna reformar i bompengesektoren. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag til reformar i bompengesektoren, kor det vart lagt opp til ein overgang til eit fåtal bompengeselskap. Stortinget meiner at færre bompengeselskap kan bidra til auka profesjonalitet i sektoren av både innkrevinga og finansforvaltninga.

Sørvest bomvegselskap AS vart etablert i 2016 og har etter dette gjennomført ein prosess for å kome med eit tilbod på aksjepostane i alle bompengeselskap i dei fem fylka som eig selskapet. Dette gjeld ti bompengeselskap i Hordaland. Vi syner til vedlagte tilbod og reviderte tilbod frå Sørvest bomvegselskap AS.

Av omsyn til sakshandsaminga, likebehandling av eigarar og naudsynte politiske prosessar i fylkeskommunen og kommunane som eig bompengeselskap i Hordaland, innstiller fylkesrådmannen på eit sal av alle selskapa i to rundar.

Bergen bompengeselskap seljast så snart som rå. Selskapet er heileigd av Hordaland fylkeskommune. Det er ingen tilsette i selskapet og det er nyleg inngått ny avtale for prosjekta i selskapet. I stortingsproposisjon 11s Finansiering av bypakken i Bergen i Hordaland har stortinget vedteke rammer for selskapets vidare drift.

Hordaland fylkeskommune har garantert for låna i selskapet, og i samband med st.prp 11s vert det gjedd nye lånegarantiar til selskapet. Fylkesrådmannen kjem tilbake med eigen sak om dette.

Fakta om selskapet**Bergen Bompengeselskap AS**

Organisasjonsnummer: 884 873 762
Adresse: Fjøsangerveien 68, 5068 Bergen Postadr: Postboks 2623
 Møhlenpris 5836 Bergen
Stifta 25.06.2002
Dagleg leiar/kontaktperson: Jan Otto Evjen
Arkivnummer: 2014/17220

Eigarar:
 Hordaland fylkeskommune 10 aksjar 100%

Aksjekapital: kr 100 000
Eigenkapitalprosent: 0,1

Styre:

Styreleiar: Astrid Farestveit Selsvold
 Medlem Inger Signe Ulvund
 Stein Inge Ryssdal
 Tor Andre Ljosland

Varamedl:

Kari Sørensen Bernardini
 Sigbjørn Framnæs
 Kirsten Syljeset
 Jon Askeland

Godtgjersler til styret:

Hordaland fylkeskommunes eigarrepresentasjon:

Hordaland fylkeskommune eig selskapet 100% og har alle plassane i styret

Selskapets føremål:

Selskapets formål er å forestå delfinansiering av vegutbygging i Bergen, administrasjon og innkreving av bompenger i henhold til avtaler som inngås med staten etter samtykke fra Stortinget, jfr. Vegloven § 27, herunder også tilføre godkjente prosjekter kapital, forvaltning av bompengemidler og annen virksomhet som naturlig står i tilknytning til slik virksomhet.

Nøkkeltal for selskapet:

Eigenkapital:	kr 6 531 000
Driftsinntekter:	kr 676 093 000
Årsresultat:	0
Likviditetsgrad:	0,1

Nøkkeltal for Hordaland fylkeskommune:

Bokført verdi på aksjar:	kr 100 000
Lånegaranti:	kr 5 800 000 000

Fylkesrådmannens vurdering av Hordaland fylkeskommunes eigarskap:

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter; å syte for at vedtatt bompengefinansiering i samsvar med gjeldande bompengeproposisjon vert følgt, samt at innkrevjing og forvaltning av bompengane skjer i samsvar med gjeldande regelverk.

Fylkeskommunen har garantiansvar for selskapet sine lån, og det er derfor ein medviten eigarstrategi å inneha aksjefleirtalet – for å sikra seg at økonomiske disposisjonar i selskapet ikkje set den fylkeskommunale garantien i fare.

Vedlegg:

Brev frå Sørvest bomvegselskap AS med tilbod om kjøp av aksjar
Aksjekjøpsavtale
Aksjeeigarbok